

For godt til å vere sant?



I 2002 la me fram eit relativt svakt resultat. Me la vekt på at sjølve bankdrifta var god. Eg skreiv i fjor følgjande: «Det er likevel min påstand at banken i år 2002 har skapt «resultat» som vonleg vil gje synlege utslag i banken sin resultatrekneskap allereie neste år». Resultatet for 2003 blei betre enn venta. Resultatet i år er på eit nivå som tryggjer SpareBank 1 Hallingdal si framtid som sjølvstendig bank. Kan me vente tilsvarande resultat i åra som kjem?

Sparebankforeningen skriv i januar 2004 dette:

«Mye tyder på at sparebankene i årene fremover vil stå overfor mange krevende utfordringer: Det gjelder så vel spørsmål knyttet til sparebankenes organisering og forretningsidé, som spørsmål knyttet til funding, hvor det nå råder klare stordriftsfordeler. Vi vet dessuten at det vil bli innført nye, krevende regelverk, og at de store enhetene vil legge stor vekt på systemer og organisering som kan effektivisere driften. Det vil skje betydelige endringer i bosettings- og næringsstrukturen i vårt land, som vil få betydning for de banker som er lokalisert i områder som rammes av dette. I stigende grad vil globaliseringen få følger for næringslivet, utover det som nå benevnes som konkurranseutsatt virksomhet, bl.a. handel og service på grunn av nye kommunikasjonskanaler og mer fleksibel arbeidskraft. En slik utvikling vil bety store endringer også for sparebankene, både med hensyn til driftsmåte og struktur.»

Sjølv om SpareBank 1 Hallingdal har sin marknad i Hallingdal og delvis i Valdres er me ikkje skjerma for endringar. Me må halde oss til lover, retningslinjer, og krav som gradvis blir tilpassa internasjonale standardar. I praksis fører dette med seg auka krav til kompetanse hjå banken sine tilsette, meir dokumentasjon, betre analysar og nye system. Ulempa er at dette er kostnadsdrivande, men fordelene er at dette skal bidra til ein meir robust og levedyktig lokal sparebank.

Eit kjenneteikn ved lokale sparebankar er lagnadsfelleskapen med lokalsamfunnet. Går det godt i Hallingdal går det godt med banken. Ved inngangen til 2003 peika me på fleire negative faktorar i våre hovudnæringar (jordbruk, reiseliv og offentleg sektor). Rentenedgang og svakare valutakurs har resultert i ny optimisme og då særskilt innan reiselivet. Denne situasjonen trur me vil vara ved nokre år. Det er freistande å slutte seg til uttala frå Harald Magnus Andreassen i First Securities ASA: «Reiselivsbedrifter som ikkje klarer å tene pengar dei neste åra har ikkje livets rett». Me trur bedriftene i Hallingdal vil tene pengar, og det er også positivt for banken.

Over fleire år har utlånsveksten vore markant høgare enn innskotsveksten. SpareBank 1 Hallingdal må i åra som kjem ha fokus på ein balansert vekst mellom utlån og innskot. Eit lågt rentenivå stimulerer ikkje til sparing i bank, og som ein følge av det må me avgrense utlånsveksten dei neste åra. Ein redusert vekst vil også redusere inntektsveksten. Banken si satsing på nye produkt har vore vellukka. Veksten krev no nye investeringar i form av fleire tilsette. Dette er kostnader som kjem før inntektene, men me har god tru på at dette er ei lønsam investering.

Eg har no argumentert for at banken står ovanfor ein del utfordringar som fører til auka kostnader. Avgrensa utlånsvekst vil avgrense inntektsveksten. Men det er også utsikter til auka inntekter for banken på fleire område. Oppsummert ventar me resultat dei neste åra opp mot nivået i 2003, men at me sannsynlegvis må vente nokre år før me igjen kan notere «rekordresultat».

Styret si årsmelding for 2003

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal har levert eit veldig godt resultat i 2003. Både drift, avkastning på verdi-papir og tap vart betre enn forventa. Resultatet er det beste i banken si historie. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, og dei vidare kommentarane omhandlar derfor morselskapet. Det er knytt nokre kommentarar til dotterselskapa sine resultat avslutningsvis.

Norsk og internasjonal økonomi

Etter ein tung start, vart 2003 eit vendepunkt for internasjonal økonomi, og særleg i USA. Det første halve året var finansmarknaden si interesse i stor grad retta mot Irak. Først var det frykt for krigen, så den faktiske krigen og situasjonen etterpå som var i fokus. I tillegg skapte frykt for ein større SARS-epidemi uro. I andre halvår har makro-økonomien vore i fokus. Industriproduksjonen halta noko gjennom første halvår, men spesielt på hausten tok han seg bra opp. Detaljhandelen har vore stabil i 2003, til trass for krigsfrykt og fallande aksjemarknader. I tillegg var det i USA terrorfrykt, stigande energiprisar og svakare arbeids-marknad. Regjeringa reagerte med ei stor tiltakspakke med skattelette for å stimulere forbruket. Spesielt 3. kvartal vart svært sterkt både på grunn av skattelettane, og refinansiering av bustader til historisk låge renter.

Dei amerikanske aksjemarknadene snudde i mars (ved starten på krigen i Irak) og enda året med ein oppgang på heile 25%. Rentemarknaden i USA held fram med å falle fram til juni, men snudde då, og lange amerikanske renter har gjennom året totalt sett stege med om lag 0,5 prosentpoeng. Den amerikanske sentralbanken har sett ned signalrenta ein gong frå 1,25% til 1,0%. Det er ikkje venta ytterlegare rentekutt, men sentralbanken har gjentekne gonger understreka at renta vil haldast låg lenge på grunn av den låge inflasjonen. Inflasjonen i desember låg på 1,9% (årlig rate), medan kjerneinflasjonen låg på 1,1%, det lågaste på over 40 år.

Ved inngangen til år 2004 er forventningane positive. Innkjøpsjefen sin indeks (USA) ligg på det høgaste nivået på 20 år. Ein vesentleg svekking av dollaren gir USA moglegheit til å snu ein økonomi i ubalanse med liten sparing og stort underskot på handelsbalansen.

Også i Euro-sonen har me sett eit omslag i økonomien, men ikkje på langt nær i same grad som i USA. Tyskland har hatt tre kvartal på rad med negativ vekst. På hausten tok aktiviteten seg likevel noko opp. Det er eksporten som har trekt opp, medan den innanlandske etterspørselen er svak. Arbeidsløysa i Tyskland låg ved utgangen av året på 10,4%, mens arbeidsløysa i Euro-sona totalt sett låg på 8,7%. Den europeiske sentralbanken har vore under press for å senke renta på grunn av den låge aktiviteten i økonomien. Banken har svara med å senke signalrenta i to omgangar frå 2,75% til 2,0%, men marknaden ynskjer seg større kutt.

I Norge har 2003 vore eit år prega av store rentekutt. Norges Bank starta med å kutte renta frå 7,0% til 6,5% på tampen av 2002, og har deretter følgd opp med heile 7 rentekutt i 2003. Renta er redusert med 4,25 prosentpoeng frå 6,5% til 2,25% i løpet av året. Ein sterk kronekurs, rentekutt ute og svakheitsteikn i norsk økonomi var Norges Bank si grunngeving då dei begynte å kutte renta. Kronekursen har svekt seg vesentleg gjennom året, men det tar tid før me ser eit omslag. Det er først og fremst bedrifts-Norge som slit. Kredittveksten har lenge ligge på eit høgt nivå, men det er hushaldningane og kommunane

si opplåning som trekkjer opp. Bedriftene sin kredittvekst ligg på eit svært lågt nivå og var faktisk negativ ved siste måling (november). Dette viser at det er låg aktivitet i investeringane. Industriproduksjonen har også vore svak.

Arbeidsløysa fall først på året, men steig så opp til ein topp på 4,3% i august. Arbeidsløysa fall igjen i haust, og ventast å falle vidare sjølv om desember-talet noko uventa svinga opp til 3,9%. Det private forbruket leid under dei høge straumprisane i starten av året, men etter kvart har lågare straumprisar og lågare renter fått forbruket til å ta seg opp. Lågare prisar på importerte varer har også medverka. Inflasjonen starta året på svært høgt nivå på grunn av dei høge straumprisane, men den samla inflasjonen er ved siste måling (desember) heilt nede på 0,6%. Både korte og lange norske renter har falle i takt med Norges Bank sine rentekutt. Ved årsskiftet seier Norges Bank at det er meir sannsynleg at neste endring blir eit kutt. Noko banken følgde opp med å kutte renta ytterlegare med 0,25 prosentpoeng i januar 2004.

SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen er eit nordisk bank- og produkt-samarbeid der SpareBank 1 bankane i Norge samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. SpareBank 1-alliansen sitt overordna mål er å sikre den einsskildede bank sin sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurransevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig alternativ på nasjonalt og nordisk nivå. I 2003 vart strategien for banksamarbeidet og SpareBank 1 Gruppen AS ytterlegare forankra og forsterka. Sparebanken Vest valde å gå ut av alliansen per 31.12.03, men vil framleis distribuere SpareBank 1 sine produkt.


SpareBank 1 Gruppen AS sitt førebels resultat for 2003 etter skatt, er minus kr 35,2 mill. SpareBank 1 Gruppen AS sitt resultat er då ca kr 1251,1 mill. betre enn i 2002. Kapitaldekninga viste ein positiv utvikling i 2003 i forhold til i 2002. Resultatforbetringane kjem fram også på grunnlag av eit målretta effektiviseringsprogram i SpareBank 1 Gruppen. Det er gjort omfattande endringar i styringa av konsernet, med særleg vekt på risikostyring. Effektiv drift, styrking av kompetanse og forbetra lønsemd er fokusområder. SpareBank 1 Gruppen har i løpet av 2003 selt ut verksemdsområder som over tid ikkje har oppnådd definerte resultatkrav, eller nødvendig volum. SpareBank 1 Gruppen har i 2003 selt sin del på 65% i EnterCard AS.

SpareBank 1 Hallingdal si deltaking i SpareBank 1-alliansen blir ivaretatt gjennom eigarskapet i Samarbeidende Sparebanker AS, som igjen eig 14,08% av SpareBank 1 Gruppen AS. Mellom eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker er det utvikla eit svært godt samarbeidsklima. Bankane nyt godt av arbeidsdeling, kompetanseoverføring og felles prosjekt på stadig fleire områder.

Banken si resultatutvikling

Veksten i netto rente og provisjonsinntekter vart 7,2% mot 6,6% i 2002. God utlansvekst og stabil rentemargin er hovudforklaringa til veksten. Veksten i utlån og innskot vart hhv. 13,7% og 2,7%. I forhold til gjennomsnittleg forvaltningskapital fall rentenettoen med 0,08 prosentpoeng, frå 3,13% i 2002 til 3,05% i 2003. Det positive er at banken som i 2002 klarar å halde rentenettoen tilnærma uendra. SpareBank 1 Hallingdal har hatt sterk fokus på å oppretthalde rentenettoen gjennom alle rentenedsetningane i 2003.

Rentenetto




Banken sine netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester auka med 9,2% i 2003. Desse inntektene er i stor grad basert på provisjon av eksisterande volum innanfor spareprodukt, forsikring og formidling av valutalån. Som forventa er inntektsveksten avtakande med eit høgare inntektsnivå, men biletet er meir nyansert enn endringa nemnt framom. Tidlegare års sterke vekst på sal av forsikringsprodukt er ført vidare i 2003. Inntektene frå forsikringsområdet auka med 32% samanlikna med 2002. Norges Bank uttalte tidleg i 2003 at ein av målsetningane var redusert kronekurs. I tråd med dette har SpareBank 1 Hallingdal frårådd sine kundar opptak av lån i utanlandsk valuta. Volumet på lånegarantiar i samband med valutalån er tilnærma lik ved utgangen av 2003 som ved starten av året. På grunn av eit høgare gjennomsnittleg volum gjennom året har inntektene frå desse garantiane auka ca 10%.

Trass i eit svakt år i 2002 og ein svak start på 2003 relatert til kursutvikling på aksjar, aksjefond, m.m. er SpareBank 1 Hallingdal fornøgd med salet av sine spareprodukt. På grunn av låg inngangsverdi og ein vekst som først kom i løpet av 2003, vart inntektene frå desse spareprodukta 30% lågare samanlikna med 2002. Utsiktene for 2004 er vesentleg betre.

Det har i 2003 vore ein tett dialog mellom banken og forvaltar i samband med verdipapirporteføljen. SpareBank 1 Hallingdal tona ned aksjeeksponeringa i starten av året. Det viste seg å vera ein riktig strategi. Når omslaget kom

i aksjemarknaden, har banken vore forsiktig med å auke eksponeringa. Trass i ein litt defensiv strategi, vart avkastninga på heile 14,3%. Sidan urealiserte gevinstar ikkje blir inntektsført, viser rekneskapen ein lågare verdiutvikling, men inntektene frå verdipapirporteføljen gir eit solid bidrag til banken sitt resultat. Betringa av resultatet frå 2002 på netto gevinst/tap verdipapir er heile kr 30,2 mill.

Rentemargin



Andre driftsinntekter steig med 39,7% samanlikna med 2002. Auken skyldast i hovudsak refundering av advokatbistand i samband med konkursbu.


Talet på årsverk auka med 2,5 i 2003. Den grunnleggjande lønsveksten var i underkant av 5% samanlikna med år 2002. SpareBank 1 Hallingdal har etablert eit bonus-system for sine tilsette som er knytt opp til faktisk resultat i forhold til budsjettert resultat. Denne ordninga gir ein bonusutbetaling på kr 1,7 mill. i 2003 som følgje av eit betre resultat enn forventta.

Overgangen til ei lineær opptening for tilsette i banken si kollektive pensjonsordning vart tatt med verknad frå 01.01.2003. Pensjonskostnadene vart dermed vesentleg høgare i 2003. Banken har f.o.m. 2003 justert den kollektive ordninga frå 75% til 70% av årsløna. Det gir ein reduksjon av dei framtidige pensjonskostnadene samanlikna med tidlegare ordning. Løn og andre personal-kostnader utgjorde i 2003 0,96% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Det er ein auka frå 0,88% i 2002.

Administrasjonskostnadene steig med 4,5% samanlikna med 2002. Auken skyldast generell kostnadsvekst på fleire postar.

Avskrivningane er på nivå med 2002. Andre driftskostnader har auka med 46,8%. Hovudårsaka til denne auken er auka leigekostnader til eige eigedomsselskap. Eigedomsselskapet fullførte oppgradering/ombygging av banken sine lokala i Ål sommaren 2003. Leigekostnadene for lokala er justert i tråd med denne oppgraderinga.

Samansetning kostnader



Banken sitt tap på utlån er kr 1,6 mill. mot kr 12,7 mill. i 2002. Fjoråret vart vurdert som ekstraordinært. Året 2003 stadfestar dette, og tapskostnadene i 2003 er på nivå med eit «normalt» driftsår. Dei spesifiserte tapsavsetningane er redusert som følgje av betre betjeningsevne eller betre garanti for banken. Dei uspesifiserte tapsavsetningane er auka i tråd med utviklinga i utlånsporteføljen. Totale tapsavsetningar utgjør 1,19% av brutto utlån mot 1,38% i 2002. SpareBank 1 Hallingdal er av den oppfatning at nivået på banken sine tapsavsetningar gir eit riktig bilete av risikoen i utlånsporteføljen.

Resultatet i år på kr 40,56 mill. etter skatt er veldig tilfredsstillande, og i tråd med banken sitt krav til eigenkapital-avkastning. Hovudforklaringa til resultatforbetringa er kursutviklinga i banken si verdipapirportefølje. Bankdrifta gir eit resultat omtrent på same nivå som i fjor. Korrigert for nokon større eingongskostnader er det ei positiv utvikling også i år.

Banken si balanseutvikling

I 2003 auka forvaltningskapitalen med 13,4% til kr 3,16 milliardar.

Veksten i innskot vart vesentleg lågare enn venta. Innskot frå kundane auka med 2,7% i 2003 mot 7,9% i 2002. Banken har ein ubetydeleg del av innskot med bindingstid og innskot med avtaler om fastrente. Innskot over kr 1 mill. har veldig gode vilkår samanlikna med pengemarknaden.

Banken auka brutto utlån med 13,7% i 2003 mot 12,0% i 2002. Utlånsveksten er på nivå med gjennomsnittleg kredittvekst i Norge. Som ein konsekvens av høgare vekst i banken sine utlån enn innskot, fall finansieringsgraden kundeinnskot/utlån markert frå 73,9% til 66,8%. Fallet i sjølvfinansiering dei siste åra har gitt ein kraftig auke i eksterne innlån. SpareBank 1 Hallingdal har etablert gode og langsiktige kredittliner hjå fleire av sine samarbeidspartnarar.

Den profesjonelle forvaltaren administrerer alle banken sine verdipapir, med unntak av strategiske eigarpostar.

Banken har ikkje tilført verdipapirporteføljen nye midlar i 2003. Fordelinga på aktiva var ved utgangen av 2003 slik: 22,4% i aksjar, 1,3% i kontantar og 76,3% i obligasjonar. Forvaltar har styrt porteføljen innanfor styret sin rammeinstruks i år 2003.

Eigenkapitalavkastninga før skatt i år 2003 vart 12,2% mot 3,9% i 2002. Iflg. kapitaldekningsoppgåva til Kredittilsynet, har banken ein kapitaldekning på 17,9% mot 17,6% ved utgangen av år 2002. Styresmaktene sitt krav er minimum 8,0%.

Disponering av overskot

Styret foreslår følgjande bruk av årsoverskotet:

- Avsetning til gåver med allmenntilgjeldende føremål 50.000 kr.
- Overføring til Sparebanken sitt fond 40.506.177 kr.

Føresetnaden for fortsatt drift er tilstades, og årsrekneskapen for år 2003 er sett opp med dette som grunnlag.


Risikoforhold

Renterisiko og kredittisiko utgjør størst risiko i samband med banken si drift, men verksemda fører òg med seg ein viss likviditetsrisiko og risiko i samband med kursutviklinga i aksjemarknaden.

Det er i hovudsak banken si beholdning av renteberande verdipapir som er utsett for renterisiko. Banken har gjennom året lege innanfor dei rammene som er definert for rentepapir. Desse rammene er basert på maksimal plassering innanfor ulike sektorar og typar rentepapir. Det er også fastsett eit mål om gjennomsnittleg løpetid på 3 år med maksimalt tak på 5 år. Banken har ca kr 150 mill i utlån på fastrenteavtaler. Inngåtte Swap-avtaler gir tilnærma null renterisiko på desse utlån.

Kredittrisikoen blir overvaka gjennom misleghaldsrapportering og klassifisering av utlånsengasjementa mht. økonomi og sikkerheit. Ved årsskiftet er det næringslivsporteføljen som er risikoklassifisert. Det var ei målsetning å starte klassifiseringa av personkundane i 2003, men banken avventar dette til nytt kredittverktøy er tatt i bruk i løpet av 2004. Banken har eit innarbeidd


Utlån: Fordeling næring/personmarknad



regelverk for kredittvurdering og kreditthandling basert på sin kredittpolitikk. Denne blir revurdert årleg. Det blir lagt stor vekt på kredittkontroll og oppfølging av tapsutsette engasjement.

Banken legg vekt på at likviditetsrisikoen skal vera minimal. Finansieringsgraden innskot/utlån fall med 7,1 prosentpoeng til 66,8%. P.g.a. av eit markert fall i nemnde forholdstal, har banken intensivert arbeidet mot eksterne lånegivarar. SpareBank 1 Hallingdal har ei positiv erfaring med sine førespurnader til ulike finansieringskjelder. Likviditetsrisikoen blir vurdert som akseptabel. Kortsiktige svingingar blir dekkja gjennom etablerte trekkrettar. Banken har også ein vesentleg likviditetsreserve i verdipapirporteføljen som ligg til aktiv forvaltning.

Fundingsituasjon



Plasseringar i aksjemarknaden er i hovudsak innretta mot dei store børsnoterte selskapa, og med ein minimum spreiding. Maksimal ramme er 35% av verdipapirporteføljen. Forvaltninga er som tidlegare nemnd handtert av ein profesjonell forvaltar.

Misleghalds- og tapsutviklinga blir rapportert månadleg. I neste 3 års periode forventar banken at årlege utlånstap vil ligge innanfor kr 5,0 mill. Styret mottok månadleg rapport over banken sin renterisiko. Resultatet av verdipapirverksemda med storleiken på urealisert kursreserve, inngår i den månadlege rapporteringa av drifta som blir handsama i styret. Styret legg vekt på at finansielle risikoar knytt til verksemda skal vera moderate.

Intern kontroll

I samsvar med forskrift om intern kontroll, har banken gjennomført internkontroll for samtlige kjerneområder i organisasjonen. Forbettringsområder er identifisert og tiltak er under arbeid. Rapportane frå intern revisor er lagt fram for styret til handsaming.

Tillitsmenn og administrasjon

Ved val i 2003 vart Ragnhild Kvernberg attvald som formann i Forstandarskapet. Godtgjersle til tillitsvalde, revisor og adm. banksjef går fram av notane. Lån og garantiar til banken sine tillits- og tenestemenn går fram av notane.

Personalet

Ved utgangen av året var arbeidsstyrken i banken 66 heil- og deltidstilsette, som tilsvarar 58,5 årsverk.

I SpareBank 1 Hallingdal er 60% av banken sine tilsette kvinner. Kvinneandelen er lågare i leiarstillingar, der 25% av mellomleiarane og ingen av leiargruppa er kvinner.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale, samt store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling, som må sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

I ein forholdsvis liten organisasjon er antal leiarstillingar avgrensa. Av erfaring er det sjeldan det er ledige leiarstillingar. Dette fører til at det kan ta tid før kvinneandelen i banken sine leiarstillingar vil kunne auke.

Arbeidsmiljø og tryggleik

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal gjennomførte våren 2003 ei omfattande medarbeiderundersøking. Resultata frå denne er arbeidd med i dei ulike organisasjonseiningane og tiltak til forbetring er iverksett. SpareBank 1 Hallingdal har ei etablert bedriftslegeordning. Forureining av det ytre miljøet som følgje av banken si verksemd er minimal.

Framtidsutsikter

Vintersesongen 2003/2004 starta tidleg, og dette gir god likviditetstilførsel for bedriftene ved inngangen til år 2004. Vintersportsstadene Geilo og Hemsedal ventar ein ny rekordsesong i forhold til antal turistar. Som ein følgje av lågare kronekurs, aukar også no talet på utanlandske skituristar. Turismen er viktig for Hallingdal, og den gir store ringverknader som er vanskelege å måle i kroner. Lågare rentenivå og positiv utvikling på aksjemarknaden gir eit lyft på interessa for fritidseigedommar i Hallingdal. I motsetning til inngangen på 2003 er det ved inngangen

av dette året mange positive element innanfor turistrelaterte næringar.

Jordbruksnæringa står framleis ovanfor mange utfordringar. Næringa i Hallingdal har i 2003 mista fleire driftseiningar, men produksjonsvolumet er oppretthalde. Det ventast ein ytterlegare nedgang i 2004. Denne nedbygginga vil etter kvart også merkast på produksjonssida. Fleire i næringa vurderer no samdrift, men talet på samdrifter er enno lågt samanlikna med andre områder.

SpareBank 1 Hallingdal gjennomfører ein endring i organisasjonsstrukturen i løpet av 2004. Det skal gi større fokus på den kunderetta verksemda samtidig med auka ressursar på fagområda. Strategien med fullservicekontor blir ført vidare. Banken ynskjer å vera ein sentral faktor i utviklinga av Hallingdal som lokalsamfunn. SpareBank 1 Hallingdal er med sin soliditet, sterke marknadsandel og høge uttelling på måling av kundevelnøye, i ein sterk posisjon til å utvikle seg vidare. Ei utvikling til fordel både for tilsette, lokalsamfunn og kundar.

Dotterselskap

Hemsedal Regnskap AS viser framleis ein positiv utvikling i mengda av oppdrag. Honorarinntektene aukar med ca. 36%. Det er tilsett fleire ved kontoret. Rekneskapskontoret er einaste lokale rekneskapsfirma i Hemsedal av ein viss storleik. Selskapet la fram eit positivt resultat, som også var ei lita forbetring samanlikna med 2002.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS hadde leigeinntekter på ca kr 7,1 mill i 2003 mot kr 3,8 mill. i 2002. Selskapet har ingen fast tilsette, og leiger inn sine tenester ved behov. Eigedomen «Torget 5» er seld med overtaking 01.01.2004. Renovering av banken sine lokal i Ålingen kjøpesenter vart slutført august 2003. Sidan dette var delvis nybygg og oppussing av eksisterande lokal, er delar av desse kostnadene utgiftsført i 2003. Som ein følgje av dette, vart årsresultatet negative kr 2,3 mill.

Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for godt samarbeid i 2003. God oppslutning om banken og solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for år 2004.

Ein syner elles til rekneskapen med notar.

Hallingdal, den 31 desember 2003/5. februar 2004

*Torleif Bjella (sign.)
Styreformann*

*Anders Intelhus (sign.)
Nestformann*

Kjell Vidar Bergo (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

*Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef*

Som støttespelar for lokalmiljøet

«SpareBank 1 Hallingdal skal vere ein aktiv og sterk samarbeidspartner for næringsliv og offentleg sektor, samt ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalt samfunnsliv.»

Dette er eit av ti hovudmål som SpareBank 1 Hallingdal har sett seg i si strategiske plan.

Forutan å tilby lokalmiljøet gode bank- og forsikringstenester, ynskjer me også å bidra positivt til utvikling i lokalsamfunnet på det sosiale og kulturelle plan. Dette freistar me å leve opp til gjennom å vere ein pådrivar og støttespelar for lag, organisasjonar og andre arrangement og tiltak som bidreg positivt for regionen. Dei siste åra har me fordelt omlag ein million kroner årleg i sponsorstønad til lag, organisasjonar og arrangement som me ser på som positive for lokalmiljøet.


At sparebankane bidreg til utvikling i nærmiljøet er ikkje noko nytt. Dette har vore typisk for sparebankane frå dei vart skipa. Allereie i gamle Aal Sparebank sine fyrste vedtekter opna ein for at dersom økonomien tillot det skulle ein gje stønad «til et eller andet allmenntilgjort øiemed i Distriktet». Det er denne tradisjonen me fører vidare i dag.

SpareBank 1 Hallingdal bidreg som arrangør og koordinator for fleire foredrag, seminar og messer for næringslivet kvart år. Dette gjer me fordi me ynskjer å setje aktuelle problemstillingar innan hovudnæringane i Hallingdal på kartet. Målet er at desse arrangementa skal bidra til å auke kompetansen for både kundar og banktilsette slik at ein kan stå sterkare rusta til å møte utfordringar i framtida. Me tykkjer det er viktig å lyfte blikket i blant og få nye innspel og idear frå kollegaer eller foredragshaldarar.



Frå «blåtur» med ElleveFemtenKlubben på Gol

Me er spesielt opptekne av å støtte organisasjonar, lag og aktivitetar knytta mot barn og ungdom.
Mykje av sponsorkronene går difor til denne gruppa.
I tillegg har me hatt egne skirenn for medlemmane i Labb og Line Spareklubb
og «blåtur» for medlemmane i ElleveFemtenKlubben.




151 personer med tilknytning til landbruket deltok på seminaret «Den nye fjellbonden – forbanna men blid!» på Geilo.
SpareBank 1 Hallingdal var medarrangør.
Mellom foredragshaldarane var Dinamo-gründer og fotballfantast Ingebrikt Steen Jensen.
Våren 2004 blir det nytt «Fjellbonden»-arrangement med fokus på nyskaping og produktutvikling.



90.000 kroner vart gjeve til kjøp av narkotikahund for lensmannsetaten i Hallingdal. Lionsklubbane i Hallingdal og SpareBank 1 Hallingdal bidrog til at Hallingdal fekk sin eigen narkotikahund – Mozart. I staden for gåver og julehelsingar til kundar og forretningskontakter gjev SpareBank 1 Hallingdal kvart år ei gåve til nyttige formål i samfunnet.



962 nye NettBank-kundar i løpet av 2003. Me har 3618 NettBank-kundar per 31.12 2003.
34% av alle transaksjonar vart betalt gjennom NettBank. I mars fekk kundar i Hemsedal, Gol og Ål tilbod om gratis NettBank-kurs og mange nytta høve til å bli betre kjend med mogelegheitene NettBanken gjev. Det vil bli halde fleire kurs i NettBank i tida framover.



Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2003 Morbank	2003 Konsern	2002 Morbank	2002 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		1.106	1.106	7.729	7.729
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		178.597	175.084	198.589	194.519
Renter og likn. innt. av sertfi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	10.009	10.009	9.492	9.492
Andre renteinntekter og liknande inntekter		20	20	16	16
Sum renteinntekter og liknande inntekter		189.732	186.219	215.826	211.756
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		14.365	14.365	19.397	19.397
Renter og liknande kostn. på innsk.frå og gjeld til kundar		72.483	72.348	103.188	103.096
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		9.765	9.765	6.668	6.668
Andre rentekostnader og liknande kostnader	5	2.216	2.216	1.733	1.733
Sum rentekostnader og liknande kostnader		98.829	98.694	130.986	130.894
NETTO RENTE OG KREDITTPROV.INNT.		90.903	87.525	84.840	80.862
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar og andre verdipapir med var. avkast.	2a	1.437	1.437	2.030	2.030
Inntekter av eigarinteresser i tilknyttta selskap	2c	–	–89	–	181
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	13	-2.317	–	50	–
Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med var. avkastning		-880	1.348	2.080	2.211
Provisjons inntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	7.814	7.814	6.928	6.928
Andre gebyr og provisjon inntekter	6	13.863	13.863	12.919	12.919
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		21.677	21.677	19.847	19.847
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		2.470	2.470	1.842	1.842
Netto gevinst/tap på verdipapir					
Netto gev./tap på sertifikat, obl. og andre rentebærande v.pap.	1	5.149	5.149	-520	-520
Netto gev./tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.	1	3.739	3.901	-21.347	-21.347
Netto gev./tap på valuta og finansielle derivater	12	1.229	1.229	1.798	1.798
Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta/verdipapir		10.117	10.279	-20.069	-20.069
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	446	1.839	432	4.552
Andre driftsinntekter		2.400	4.581	1.605	3.209
Sum andre driftsinntekter		2.846	6.420	2.037	7.761
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn mv.					
Løn	8a	22.090	23.837	19.205	20.604
Pensjonar	9	2.854	3.046	1.683	1.757
Sosiale kostnader		3.554	3.554	2.760	2.823
Administrasjonskostnader		18.194	18.194	17.415	17.415
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		46.692	48.631	41.063	42.599

	Note	2003 Morbank	2003 Konsern	2002 Morbank	2002 Konsern
Avskrivningar driftsmiddel					
Ordinære avskrivninger	4	1.545	4.129	1.529	3.242
Andre driftskostnader					
Driftskostnader fast eiendom		222	4.300	395	1.411
Andre driftskostnader	7	13.840	8.569	9.183	6.651
Sum andre driftskostnader		14.062	12.869	9.578	8.062
Tap på utlån og garantier					
Tap på utlån		1.476	1.476	12.747	12.747
Tap på garantier m.v.		101	101	–	–
Sum tap på utlån, garantier m.v.	3	1.577	1.577	12.747	12.747
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapirer som er anleggsmidler					
Nedskrivning/reversering av nedskrivning	2a	16	16	4.733	4.733
Gevinst/tap		–	–	-539	-539
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		16	16	4.194	4.194
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		58.301	57.557	17.782	17.926
Skatt på ordinært resultat	13	17.745	16.879	5.812	5.834
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		40.556	40.678	11.970	12.092
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		40.556	40.678	11.970	12.092
Oppskrivning, overf. frå EK. og disp. av res. for regnsk.året					
Overført til sparebankens fond	14	40.506		11.914	
Gåver		50		56	
SUM DISPONERT		40.556		11.970	

Balanse per 31. desember 2003

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2003 Morbank	2003 Konsern	2002 Morbank	2002 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		41.065	41.065	25.772	25.772
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		3.265	3.265	7.548	7.548
Utlån til og fordr. på kred.inst. med avtalt løpet.el.opps.frist		–	–	5.000	5.000
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		3.265	3.265	12.548	12.548
Utlån til og fordringar på kundar					
Kasse/driffts og brukskredittar		128.204	128.156	151.512	151.471
Byggjelån		94.732	94.732	112.659	110.962
Nedbetalingslån		2.657.243	2.577.388	2.269.098	2.204.295
Sum utlån før spesifiserte og uspesifiserte tapsavs.		2.880.179	2.800.276	2.533.269	2.466.728
- Spesifiserte tapsavsetningar	3	10.843	10.843	13.946	13.946
- Uspesifiserte tapsavsetningar	3	23.399	23.399	20.999	20.999
Sum netto utlån og fordringar på kundar		2.845.937	2.766.034	2.498.324	2.431.783
Overtekne eigedelar	3e	4.653	4.653	4.000	4.000
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		113.104	113.104	95.807	95.807
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		43.950	43.950	51.176	51.176
Sum sertifikat, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	1	157.054	157.054	146.983	146.983
Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	70.638	70.638	60.765	64.048
Sum aksjar og andre verdipapir m/variabel avkastning		70.638	70.638	60.765	64.048
Eigarinteressar i tilknytta selskap	2c	–	2.716	–	–
Eigarinteressar i konsernselskap	2b	183	–	170	–
Immaterielle eigedelar					
Goodwill		–	12	–	15
Utsett skattefordel	13	1.172	2.670	4.781	5.404
Sum immaterielle eigedeler		1.172	2.682	4.781	5.419
Varige driftsmiddel					
Maskinar, inventar og transportmidlar		2.806	9.722	3.349	8.761
Bygningar og andre faste eigedomar		4.973	63.413	5.068	56.682
Sum varige driftsmiddel	4	7.779	73.135	8.417	65.443
Andre eigedelar					
Finansielle derivater	12	400	400	75	75
Andre eigedelar		7.826	8.610	3.025	3.836
Sum andre eigedelar		8.226	9.010	3.100	3.911
Forskotsbetalingar og opptente inntekter					
Opptente ikkje-bet. innt. og forsk.bet. ikkje-påløpte kostnader		14.339	14.339	19.282	19.282
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9,13	4.432	4.638	2.983	3.142
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		1.955	1.956	203	246
Sum forskotsbetalingar og opptente inntekter		20.726	20.933	22.468	22.670
SUM EIGEDELAR	10,11	3.160.698	3.151.185	2.787.328	2.782.577

GJELD OG EIGENKAPITAL		2003	2003	2002	2002
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjonar					
Lån og inns. frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		22.640	22.640	8.063	8.063
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		355.000	355.000	320.000	320.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	10,11	377.640	377.640	328.063	328.063
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1.659.062	1.653.552	1.585.439	1.582.432
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		264.049	264.049	286.396	286.396
Sum innskot frå og gjeld til kundar	10,11	1.923.111	1.917.601	1.871.835	1.868.828
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
Obligasjonsgjeld		326.474	326.474	101.587	101.587
– Eigne ikkje – amortiserte obligasjonar	12	11.084	11.084	2.530	2.530
Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	10,11	315.390	315.390	99.057	99.057
Anna gjeld					
Finansielle derivater	12	1.473	1.473	654	654
Anna gjeld		25.716	23.701	15.937	16.414
Sum anna gjeld		27.189	25.174	16.591	17.068
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		13.454	13.616	9.201	9.332
Avsetningar til forpliktingar og kostnader					
Pensjonsforpliktingar mv.	9,13	6.036	6.213	5.209	5.306
Sum avsetningar til forpliktingar og kostnader		6.036	6.213	5.209	5.306
SUM GJELD		2.662.820	2.655.634	2.329.956	2.327.654
EIGENKAPITAL:					
Bundne fond					
Sparebankens fond	14	497.878	497.878	457.372	457.372
Andre fond		–	-2.327	–	-2.449
Sum opptent eigenkapital		497.878	495.551	457.372	454.923
SUM EIGENKAPITAL		497.878	495.551	457.372	454.923
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	10,11	3.160.698	3.151.185	2.787.328	2.782.577
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar	5	550.527	550.527	542.031	542.031
Andre betinga forpliktingar	1,5	54.350	54.350	43.800	43.800
Eigenkapitalrelaterte derivater	12	11.084	11.084	2.530	2.530
Sum betinga forpliktingar		615.961	615.961	588.361	588.361

Hallingdal, den 31 desember 2003/5. februar 2004

Torleif Bjella (sign.)
Styreformann

Anders Intelhus (sign.)
Nestformann

Kjell Vidar Bergo (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef

Notar til konsernrekneskapen 2003

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapen som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS og SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir.

Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12.) og kostpris. Porteføljepriippet er nytta.

Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar / ansvarlege lån på 151.677 utgjer avkastninga 6,60%.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Obligasjonar/ansvarlege lån morbank			
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklasser:			
Utstedt av det offentlege	0%	112.103	115.569
Utstedt av andre	20%	1.000	1.043
Kredittføretak	20%	38.913	40.206
		152.016	156.818
<hr/>			
Ansvarlege lån i finansinstitusjonar		5.038	5.113
Porteføljenedskriving		–	–
Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank		157.054	161.931

Rentefølsemnd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemnd rekna til 4.686 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemnd er 6.900 v/ 1%-poeng renteendring. Gjennomsnittleg restløpetid er på 2,99 år.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	5.038
Sum ansvarleg lånekapital	5.038

Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsportefølje.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljene.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
Aksjar:			
Amersham A Plc	18.849	1.289	1.734
Royal Carribean Cruises	7.564	1.531	1.770
Golar LNG	6.160	421	588
Schibsted	8.270	949	947
Nera	20.918	310	289
Storebrand	65.393	2.366	2.832

framhald neste side

Vmetro	4.904	177	159
Prosafe	5.480	693	734
Aktiv Kapital	11.820	710	789
Smedvig B	27.773	1.057	1.180
Orkla	21.990	3.200	3.277
Norske Skogindustrier	9.780	1.213	1.242
Norsk Hydro	8.540	3.037	3.506
Bolig- og Næringsbanken	380	85	89
Tandberg	21.380	1.031	1.048
Tomra Systems	28.010	1.116	1.123
DnB NOR ASA	101.337	3.926	4.499
Komplett	2.660	392	388
Telenor ASA	63.993	2.182	2.784
Statoil	47.780	3.081	3.572
Sum aksjar		28.766	32.550
Aksjefond:			
Balzac World Index	9.950,42	6.930	8.027
Scröder Int.Global Equity, CL.A	111.916,83	7.302	8.404
Sum aksjefond		14.232	16.431
Grunnfondsbevis:			
Enebakk Sparebank	90	90	90
Sum grunnfondsbevis		90	90
Porteføljenedskriving		0	
Sum kortsiktig plassering morbank		43.088	49.071
Anleggsaksjar:			
	Antal aksjar	Bokført verdi	
Aal Skisenter AS	40	50	
Ål Utstillinga AS	2	1	
Gol Sentrum AS	11	5	
Gol Stavkyrkje AS	50	25	
Gol Reisemål AS	30	30	
Samarbeidende Sparebanker AS	27.173	23.173	
Ål Utvikling AS	20	20	
Ringerike/Hadeland Eiendomsmegler AS	74	2.702	
Cyberhems	34	34	
DBC Hallinginvest	200	1.000	
BBS/Bank-Axept AS	13.040	313	
Spama AS	130	11	
Hemsedalsbilene AS	47	72	
Hemsedalsbruket AS	20	100	
Trøim Stadformingsplan AS	4	4	
Ål Folkepark	10	10	
Sum anleggsaksjar morbank		27.550	
Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank		70.638	
Aksjar:			
		Bokført verdi	
Anleggsaksjar 01.01		26.111	
Tilgang		1.455	
Avgang		16	
Reklassifisering		0	
Nedskriving / reversering		0	
Anleggsaksjar 31.12 morbank		27.550	

Note 2b: Dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineaksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og Hemsedal Regnskap AS.

